

# Årsmelding 2011 i Nasjonalt nettverk for naturfagutdanning (NNN)

## 19.10.11

### Styret i NNN har bestått av

|                       |  |
|-----------------------|--|
| Leiar                 | Merete Økland Sortland                           |
| Nestleiar og kasserar | Liv Oddrun Voll                                  |
| Sekretær              | Stig Misund                                      |
| Styremedlem           | Frode Henanger (ansvar for e-post lista)         |
| Styremedlem           | Anders Isnes (representant for Naturfagsenteret) |
| Varamedlem            | Ragnhild Lyngved                                 |
| Varamedlem            | Per Ivar Kvammen                                 |

### Aktiviteten oktober 2010 - oktober 2011

Styret har hatt to møter sidan årsmøtet i 2010. Begge møta blei gjennomført som telefonmøte.

Det som bind NNN saman er e-post lista. Miljøet på Nesna har tatt på seg arbeidet å drifta dette og me er takknemlege for dette.

Bruk av epost-liste det siste året: Hausten 2010 var det ein interessant debatt om didaktikk, bl. a. om kva som er den mest effektive av undervisningsmetodane, formidling eller aktivitetsorientert pedagogikk. Det var og nokre innspel i forhold til fag kontra kunnskapsområde (KO) i ny førskulelærarutdanning. Vidare har første utkast av retningslinjene for KO Natur, helse og rørsle for ny førskulelærarutdanning blitt lagt ut. Arbeidet med retningslinjene vil det bli arbeidd vidare med i NNN.

I løpet av året 2009-10 blei det utarbeidd rettleiande planar i naturfag for GLU 1-7 og 5-10. Erfaringar og tilbakemeldingar varierar ein del. Nokre miljø/institusjonar seier at dei i liten eller ubetydeleg grad har gjort seg bruk av desse, mens andre igjen meiner at dei har vore nyttelege hjelpemiddel ved utarbeiding av dei lokale læreplanane. Det som blant anna blir påpekt er at omfanget av punkt og delemne som er tatt med er for stort, og at ein prioritering/rangering av delemlna kunne vore ynskjeleg. Anders Isnes tok opp i siste styremøte at grunnleggande ferdigheiter i naturfag er sentralt, og korleis desse kan arbeidast med i undervisninga er eit viktig moment å få fram i rettleiingane.

Gyldendal Akademisk Forlag har gitt ut Kjemi for lærere, og Fysikk for lærere og Biologi for lærere. Den første boka fekk god respons frå naturfagmiljøet, mens tilbakemeldingane frå konsulentane for dei to siste var svært kritiske. NNN presiserte derfor overfor forlaget kritikken på nytt, då to i styret hadde vore konsulentar. Styreleiar fekk rask respons i frå forlaget, at dei hadde jobba mykje med bøkene og at me måtte gje dei ein sjans. Det blei lova at me skulle gjera.

Kartlegging av kor mykje ressursar naturfag blir tildelt ved dei ulike lærarutdanningane i Noreg var oppe på agendaen førre år. Ei slik kartlegging blei ikkje. Frode Henanger har tatt saka, og han vil utvikla eit spørjeskjema for å gjennomføra ein (årleg?) kartlegging av naturfagstilboda på lærarutdanningane ved universitet og høgskular i Noreg. Det er blant anna av stor interesse å finna ut meir om korleis undervisningsressursar blir gitt og korleis

undervisninga blir lagt opp (bl.a. med tanke på andel tildelt tid/ressurs går til førelesningar, nettbruk i undervisning, rettleiing, labarbeid, ekskursjonar, praksis m. m). Frode tar sikte på å sende ut sitt forslag til skjema for kommentarar frå NNN styret/medlemmene no i haust.

Merete Økland Sortland

Leiar NNN